



Betel Søndagskule
Arvid Valdersnes
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 16/30 - 16/166

Saksbehandlar:
Bente Kopperdal Hervik
bente.kopperdal.hervik@radoy.kommune.no

Dato:
06.01.2016

Informasjon til lag og organisasjonar - januar 2016

Godt nyttår! 2016 er så vidt i gang, og me på kultur- og sørvistorget er i full gang med å planlegga året. Det er mykje som skjer, og innanfor kulturfeltet år kjem me særleg til å prioritera kulturdagane i april, arbeidet med kulturminneplanen og kartlegging av område for friluftsliv. Me kjem også til å fortsetja satsinga på friluftsliv både gjennom stiprosjekt i samarbeid med lag og organisasjonar og gjennom friluftslivsaktivitetar. «På tur i Radøy» med ti utvalde turar, vil også verta gjentatt, med fleire nye turar.

Litt aktuell informasjon:

Plan for idrett, friluftsliv og nærmiljø på høyring

Formannskapet vedtok i møte 17. desember å leggja kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 ut på høyring. Frist for å koma med høyringsuttale vert sett til 1. februar 2016.

Planforslaget finn de på www.radoy.kommune.no/idrettsplan

Planforslaget vert også lagt ut på rådhuset.

Evt. høyringsuttaler skal sendast:
Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 Manger

Høyringsuttalar kan også sendast på e-post til postmottak@radoy.kommune.no.

Folkemøte om idrett, friluftsliv og nærmiljø

Korleis skal me få fleire radværingar i fysisk aktivitet? Saknar du nokon tilbod om eller anlegg for fysisk aktivitet kommunen? Kva skal til for at du skal verta meir fysisk aktiv?

I samband med at planen er på høyring vert det også arrangert folkemøte måndag 11. januar kl. 19.00 i kommunestyresalen på rådhuset.

Program:

- Hanne Espe frå Hordaland fylkeskommune fortel om attraktive aktivitetsanlegg andre stader og om korleis ein kan få realisert slike.
- Kommunalsjef Lisbeth Alver fortel om planen og dei prioriteringane som er gjort der.
- Innspel og spørsmål
- Enkel servering

Kulturdagar i Radøy 8.-22. april

Kulturdagane i Radøy 2016 skal gå føre seg i perioden 8.-22. april. Kulturdagane skal vera ei mønstring av kulturaktivitetar som viser fram breidda og kvaliteten i kulturlivet i Radøy. Me ynskjer at kulturdagane skal vera eit løft for kulturlivet i kommunen!

Me inviterer alle lag og organisjonar til å vera med å bidra under kulturdagane. Arrangement som de ynskjer å ha med kan de melda inn på tlf. 56 34 90 12 eller på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no. Arrangement vert lagt inn i denne kalenderen så snart me får melding om dei:

<https://calendar.google.com/calendar/embed?src=onidivcfum70j3608ctnn4cvag%40group.calendar.google.com&ctz=Europe/Oslo> Bruk gjerne kalenderen til å finna ein ynskt dato for dykkar arrangement.

Frist for å melda inn arrangement er sett til 17. januar, men ta gjerne kontakt i god tid før!

Me håpar på mange gode idear og kreative forslag til arrangement! Ta gjerne kontakt om de har innspel eller spørsmål! Lukke til med planlegginga!

Kulturminneplanen

Kulturminneplanen vil vera eitt av satsingsområda innanfor kultur i 2016. Ein kulturminneplan gjev oversikt over kulturminneverdiane i kommunen og er eit nyttig verktøy i kommunal planlegging. Kulturminneplanen skal seia noko om kva for kulturminne som er viktigast for kommunen, og korleis desse skal takast vare på.

Me har oppretta ei eiga facebookside, der de kan følgja planarbeidet, får informasjon om og dela kunnskap om kulturminne i kommunen. Sida finn de her:

<https://www.facebook.com/kulturminneradoy/?fref=ts>

Det er også mogleg å vera med å registrera kulturminne. Det kan du gjera på

www.kulturminnesok.no Om de ynskjer rettledning, kan de ta kontakt med underteikna på e-post bente.hervik@radoy.kommune.no eller på tlf. 56 34 90 12.

Merking og gradering av turstiar i Turskiltprosjektet

Turskiltprosjektet er eit nasjonalt prosjekt der Gjensidigestiftelsen og fylkeskommunane i fellesskap gir økonomisk støtte til merking, skilting og informasjonstiltak knytta til turruter. Formålet med Turskiltprosjektet er å bidra til auka og trygg friluftsfærdsløse der folk bur og oppheld seg, gjennom informasjon, skilting og merking. Les meir om prosjektet: <http://www.turskiltprosjektet.no/>

2016 ser ut til å verta det siste året i prosjektperioden. Difor er det viktig at dei som har planar om å

skilta og merka søkjer om midlar i 2016. Søknadsfrist for ordninga er 15. februar. Om noko ynskjer eit samarbeid med kommunen om prosjekt, ber me dykk om å melda i frå så snart som råd slik at me kan planlegga søknaden i god tid før fristen.

Nattcup i volleyball

15. januar arrangerer ungdomsklubben nattcup i volleyball for 7.klasse til 99 år. Laga vert delte inn i to aldersgrupper (7.-9. kl og 10.klasse-99 år). Alle lag må ha seks-åtte spelarar, og det må vera to av kvart kjønn på kvart lag. Aldersgruppa 7.-9. byrjer å spela kl 18:00, og kl 20:00 begynner aldersgruppa 10.klasse til 99 år.

Du kan melda på deg/laget ditt på hos Katarina Birkeland (e-post katarina.birkeland@radoy.kommune.no eller tlf. 56 34 90 43), Maria Angelskår Murberg, Ida Thomassen, Steffen Vestheim Sævdal eller Remy Stordal. Påmeldingsavgift er på 400 kr for kvart lag å melde seg på (50 kr per. person). Betaling vert tatt i mot ved registreringa på sjølve nattcupen. Påmeldingsfrist er 8. januar 2016. Påmeldinga er bindande.

Tilskotsordningar

Hordaland fylkeskommune har fleire tilskotsordningar med søknadsfrist tidleg på året. Ta gjerne ein kikk på desse for å vurdera om det er nokon som er aktuelle for dykk å søkja på:

<http://www.hordaland.no/tenester/tilskot/>

Med helsing

Bente Kopperdal Hervik
rådgjevar kultur

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Betel Søndagskule	Arvid Valdernesnes	5939	SLETTA
CISV Nordhordland	Hilde Kleivdal		
Dale grendahus			
Dale grendalag			
Frivilligsentralen			
Hella bedehus	Steinar Vågenes	5936	MANGER
Hordabø barnekantori	Sølvi Kvalheim	5937	BØVÅGEN
	Mjøs		
Hordabø Idrettslag v/Frode Myking	Radøyvegen 2975	5937	BØVÅGEN
Hordabø Mini- og barnekantori	Sølvi Helen	5937	BØVÅGEN
	Kvalheim Mjøs		
Hordabø skulemusikklag			
Hordabø ungdomslag			

Mottakrar:

Keipane Kystlag			
Knappen båtlag			
Kobbevågen vel v/Øivind Ask	Marøyvegen 59	5936	MANGER
Kolstad krinslag			
Kristen Idrettskontakt -KRIK	Heidi Soltvedt		
Kyrhovden velforening			
Manger Barnekor Baluba v/Astrid Mellingen		5936	MANGER
Manger Bygdslag	Odd Matre	5936	MANGER
Manger grunneigarlag			
Manger Helselag	Björg Tveiten Skiftesvik	5936	MANGER
Manger Idrettslag	Odd Helge Hagen	5931	MANGER
Manger indremisjon	Hellandsvegen 269	5936	MANGER
Manger In-Puls - Manger Bedehus	Elna Bauge	5936	MANGER
Manger Musikklag	Nils-Arne Træland	5931	MANGER
Manger Old Star Brass v/Vigdis Villanger		5937	BØVÅGEN
Manger Skulemusikklag	Postboks 50	5931	MANGER
Manger Ungdomslag	Raymond Stordal	5931	MANGER
Marøy grendalag v/Snorre Marøy		5937	BØVÅGEN
Marås 4H	Björg Konglevoll Lunde	5938	SÆBØVÅGEN
Marås Grendalag v/Terje Halland	Lervikvegen 30	5936	MANGER
Menigheten Filadelfia Manger			
Mental Helse Radøy/Austrheim	Wenche Frantzen	5936	MANGER
Naturvernforbundet i Nordhordland v/Jan Nordø		5943	AUSTRHEIM
NAV	Postboks 121 Kokstad	5863	BERGEN
Nedre Storheim/Kalnes Bygdslag	Grethe Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Nordanger Gardsmuseum	Johannes Birkeland	5939	SLETTA
Nordanger Grendahus	Nedre Soltveit 56	5939	SLETTA
Nordanger Indremisjon	Hogne Straume	5939	SLETTA
Nordhordland Husflidslag v/Arild Hagenes	Postboks 42	5936	MANGER
Nordhordland Jakt og Fiske v/Oddmund Solbakken		5903	ISDALSTØ
Nordhordland lag av hørselhemmedes landsforbund v/Rune Eikeland		5918	FREKHAUG
Nordhordland seilforening			
Nordhordland Turlag	Øyvor Larsen		
Nøtlevåg meieri			
Olsvoll Bedehus	Else Marie Dale	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy Bondelag	Kari Heggnes	5936	MANGER

Mottakarar:

	Kvammen		
Radøy brass			
Radøy damekor			
Radøy Hestesportklubb v/Kari Kvammen	Toskavegen 492	5936	MANGER
Radøy Idrettslag	Olav Steinar Namtvedt	5939	SLETTA
Radøy Idrettsråd	Bjørn Ove Myking	5937	BØVÅGEN
Radøy Kunst Senter	Roger Gjerstad	5937	BØVÅGEN
Radøy lag for funksjonshemma	Marlen R. Rikstad	5936	MANGER
Radøy Lag LHL	Berit Kvalvik	5936	MANGER
Radøy Motorsamling	Guttorm Storheim	5938	SÆBØVÅGEN
Radøy musikkråd			
Radøy mållag			
Radøy Old Boys			
Radøy Pensjonistlag v/Arne Villanger	Rossnesvegen 361	5937	BØVÅGEN
Radøy RC Gruppe v/Thomas Byrkjeland	Solendvegen 1		
Radøy Revmatikarlag v/Wenche Soltveit	Radøyvegen 1747	5936	MANGER
Radøy sau og geit	Ivar Solveit	5936	MANGER
Radøy Skyttarlag v/Kornelius Manger	Radøyvegen 1737	5936	MANGER
Radøy Sogelag v/Einar Borgund	Einar Borgund	5936	MANGER
Radøy sportsskyttarlag v/Kornelius Manger	Radøyvegen 1737	5936	MANGER
Radøy Symjeklubb			
Radøy sør grunneigarlag			
Radøy ungdomsråd			
Radøy/ Manger Fotballklubb	Arne Askeland	5931	MANGER
Rikstad Bedehus v/Per Bjørkhaug	Nordre Villanger 40	5937	BØVÅGEN
Risnes Grendalag	Tore Villanger	5937	BØVÅGEN
Risnes grunneigarlag			
Rockeverkstaden Radøy ungdomsskule	Bjørn H Bendiksen	5936	MANGER
Rufy - Fritidsgruppa	Gro Borgund	5936	MANGER
Seilfaldet velforening			
Skagenesets venner			
Sletta Bygdelag	Kåre Stang	5939	SLETTA
Songlaget Alvidt/Manger	Rigmor Korneliussen	5914	ISDALSTØ
Storhaugstova v/Mariann Lie Drivenes	Toska	5936	MANGER
Strileknekten B.L	Rune Tjore	5938	SÆBØVÅGEN
Sæbø Barnekor	Silje Ellingsen	5938	SÆBØVÅGEN

Mottakarar:

Sæbø Skulemusikklag		5938	SÆBØVÅGEN
Sæbø Ungdomslag	Øystein Marås	5938	SÆBØVÅGEN
Sætre Grendalag	Gerd Helen Bøe	5936	MANGER
Sævdal og Lauvåsen vel v/Monica	Sævdalsvegen 4	5936	MANGER
Grindheim Halland			
Tjorehagen			
Vestnorsk utvandringssenter			
Vetås Bygdelag v/Arvid Storheim		5938	SÆBØVÅGEN
Vågenes Bedehus "Soar" v/Kåre	Vågenesvegen 138	5936	MANGER
Vågenes			